


## Nr. 3 – Råd og rettleiing

### Gravfelt

Gravfelt er områder på gravplassen med graver. På gravplassen kan det vere ulike typar gravfelt, til dømes kistegravfelt, urnegravfelt og minnelundar. Frå 2021 kan ein òg sette opp urneleggjar. Storleik, form og plassering av gravfelta utgjer ein stor og viktig del av gravplassen sin karakter. Privatpersonar som er ansvarlege for eller festar graver, har rettar og pliktar i samband med gravene sine. Det er òg ofte knytt kulturminneverdiar til gravminne og gravutstyr. Desse tilhøva kan avgrense kva for endringar som kan gjerast på gravfelt.



Hol gravlund, Hamar. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

### Råd og rettleiing

- Ein kan forskyve graver inntil ei halv gravbredde og ei halv gravlengde, men talet på graver i kvart feste må ikkje endrast, sjå gravplassforskrifta § 5, første avsnitt. Ein må vidare følge krava i gravplasslova og forskrifta om gravplass, gravfelt og graver, mellom anna med omsyn til gravstorleik, jorddjupne og grunnvasstand.
- Avstand frå grav til bygning må vere minst 3 meter, sjå gravplassforskrifta § 7. I tillegg bør avstanden frå grav til veg vere minst 1 meter, medan avstanden frå grav til gjerde og mur bør vere minst 3 meter, av omsyn til gravene sjølv og dei som besøker dei.

- Plasseringa av gravminna etter ei endring bør følge dei same prinsippa som før endringa (til dømes i den vestre kort-enden av grava). Nytt dekke, til dømes gras eller grus, bør òg vere tilsvarende som tidlegare.
- Rammegraver har ofte kulturminneverdi. Det bør difor vere svært gode grunnar for å fjerne rammer på enkeltgravstader.
- Gravfelt bør av praktiske og estetiske omsyn ikkje vere for store. I kvar gravrekke bør det ikkje vere meir enn 25 graver. Det bør heller ikkje vere meir enn 7 - 8 rekker i kvart gravfelt. Urnegravfelt med gravstorleik 1,5 x 1,5 m vert lett for kompakte slik at dei bør ha færre graver enn kistegravfelta. Gravstorleiken kan difor gjerne vere større eller ein kan bryte opp gravfelta i mindre delar. Vegetasjon mellom gravfelta vil dele opp gravplassen i mindre landskapsrom og gjere det enklare å finne fram.
- Prosjektet «Egnet jord til kistegravlegging» har gitt ny kunnskap om kva for eigenskapar jorda bør ha for at ho skal gi god nedbryting av gravinnhald. Denne kunnskapen bør vere grunnlag for tiltak på kistegravfelt.
- Nye gravkart må utarbeidast i samsvar med gravplassforskrifta § 4. Ein bør nytte SOSI standarden for gravplassar, sjå gravplassforskrifta § 4 og sosigravplass.no.
- Dersom graver er lagt til rette for å møte religiøse og livssynsmessige minoritetar sine behov og er samla i eit gravfelt, bør gravplassmyndigheita ha dialog med dei aktuelle trus- eller livssynssamfunna før ein gjer endringar.
- Etter endringar bør tilhøva for universell utforming vere like gode eller betre. Alle som vitjar gravplassen bør kunne komme til eller nær alle graver.
- Ved større endringar av gravplassplan for gravfelt bør ein nytta tenleg fagkompetanse, til dømes ein landskapsarkitekt.

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørdnad som eigenarten legger til grunn.

### Når må ein søke statsforvaltaren?

Om tiltaket er av ein slik karakter eller storleik at det vil endre gravplassen sin eigenart, eller tilhøva for dei som vitjar han, vil det vere ein vesentleg endring som ein må søke statsforvaltaren om, sjå gravplassloven § 4. Ein må alltid søker om følgande tiltak:

- Etablere nye gravfelt på ein eksisterande gravplass. Dette gjeld òg tilrettelagte gravfelt.

- Stenge heile eller deler av gravplassen for kistegravlegging. Stenging skal fastsettast i lokale vedtekter, sjå gravplassforskrifta § 5.
- Legge nye drensleidningar på gravfelt som er teken i bruk, sjå gravplassforskrifta § 8.
- Oppfylling av gravfelt med meir enn 40 cm.
- Endring av gravtype, til dømes frå kistegravfelt til urnegravfelt når gravstørrelsen samtidig vert endra.
- Fjerne rammegraver i større omfang. Med rammegrav i denne samanhengen siktar vi til ei grav eller ein gravstad med steinramme og eventuelt eit stakittgjerde (tre eller jern) i tillegg.

*Er tiltaket søknadspliktig etter andre lovar eller føresegner?*

Ver merksam på at nokre tiltak kan vere søknadspliktige etter andre lovar eller føresegner, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova eller kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Ta kontakt med den aktuelle instansen for å avklare dette.

**Referansedokument**

- Gravplasslova
- Gravplassforskrifta
- Rundskriv Q-06/2020 *Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* (Utgitt av Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet).
- Norsk Standard NS 11005:2011 - Universell utforming av opparbeidete uteområder.
- Statsforvaltaren sine temanotat «Råd og rettleiing».



**Statsforvalteren i Vestfold og Telemark**